

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 17/2004

av 19. mars 2004

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantasanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg I til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 169/2003 av 5. desember 2003⁽¹⁾.
- 2) Rådskonferens 2003/61/EF av 18. juni 2003 om endring av direktiv 66/401/EØF om marknadsføring av frø fra fôrvekster, 66/402/EØF om marknadsføring av såkorn, 68/193/EØF om marknadsføring av vinstokkmateriale for vegetativ formering, 92/33/EØF om marknadsføring av formeringsmateriale og plantemateriale av grønnsaker, med unntak av frø, 92/34/EØF om marknadsføring av fruktplanter og formeringsmateriale av fruktplanter, 98/56/EF om marknadsføring av formeringsmateriale av pryddplanter, 2002/54/EF om marknadsføring av betefrø, 2002/55/EF om marknadsføring av grønnsakfrø, 2002/56/EF om marknadsføring av settepoteter og 2002/57/EF om marknadsføring av frø fra oljevekster og fibervekster med hensyn til sammenlignende fellesskapsanalyser og -forsøk⁽²⁾, skal takast inn i avtala.
- 3) Kommisjonsvedtak 2003/765/EF av 23. oktober 2003 om mellombels marknadsføring av visse frø frå artane *Secale cereale* og *Triticum durum* som ikkje stettar krava i rådskonferens 66/402/EØF⁽³⁾, skal takast inn i avtala.
- 4) Kommisjonsvedtak 2003/795/EF av 10. november 2003 om mellombels marknadsføring av visse frø frå artane *Vicia faba* L. som ikkje stettar krava i rådskonferens 66/401/EØF⁽⁴⁾, skal takast inn i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

⁽¹⁾ TEU L 88 av 25.3.2004, s. 39, og EØS-tillegget til TEU nr. 15 av 25.3.2004, s. 6.

⁽²⁾ TEU L 165 av 3.7.2003, s. 23.

⁽³⁾ TEU L 275 av 25.10.2003, s. 47.

⁽⁴⁾ TEU L 296 av 14.11.2003, s. 32.

Artikkel 1

1. I vedlegg I kapittel III del 1 nr. 2 (rådsdirektiv 66/401/EØF), nr. 3 (rådsdirektiv 66/402/EØF) og nr. 13 (rådsdirektiv 2002/57/EF) i avtala skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32003 L 0061**: Rådsdirektiv 2003/61/EF av 18. juni 2003 (TEU L 165 av 3.7.2003, s. 23).”

2. I vedlegg I kapittel III del 1 nr. 11 (rådsdirektiv 2002/54/EF) og nr. 12 (rådsdirektiv 2002/55/EF) i avtala vert følgjande lagt til:

”, endret ved:

– **32003 L 0061**: Rådsdirektiv 2003/61/EF av 18. juni 2003 (TEU L 165 av 3.7.2003, s. 23).”

3. I vedlegg I kapittel III del 2 etter nr. 25 (kommisjonsvedtak 2003/307/EF) i avtala skal nytt nr. 26 og 27 lyde:

”26. **32003 D 0765**: Kommisjonsvedtak 2003/765/EF av 23. oktober 2003 om mellombels marknadsføring av visse frø frå artane *Secale cereale* og *Triticum durum* som ikkje stettar krava i rådsdirektiv 66/402/EØF (TEU L 275 av 25.10.2003, s. 47).

27. **32003 D 0795**: Kommisjonsvedtak 2003/795/EF av 10. november 2003 om mellombels marknadsføring av visse frø frå artane *Vicia faba* L. som ikkje stettar krava i rådsdirektiv 66/401/EØF (TEU L 296 av 14.11.2003, s. 32).”

Artikkel 2

Teksta til direktiv 2003/61/EF og vedtak 2003/765/EF og 2003/795/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjort i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 20. mars 2004, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.